



Arkoconsult
Pb 103
5291 VALESTRANDSFOSEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/765 - 16/6883

Saksbehandlar:
Rolf Raknes
rolf.raknes@radoy.kommune.no

Dato:
23.05.2016

Delingssak- Gnr/Bnr 45/74,93 - Manger - deling av grunneigedom for heilårsbustader

Delegasjonssak nr.: 124/2016

Saksutgreiing:

Tiltak

Saka gjeld søknad om deling av grunneigedom 45/74.

Planstatus

Eigedomen ligg i område innanfor det som i Kommunedelplan for Manger 2007-2019 (PlanID 12602007000700) er definert som bustadføre mål.



Plassering



Situasjonsplan frå søknaden viser plassering av ny grense og løysing for avkjørsle/tilkomst

Tilkomst, avkjørsle og parkering:

Den nye eigedomen er sikra lovleg tilkomst til offentlig veg via privat veg i samsvar med pbl. § 27-4.

Det ligg føre løyve til avkjørsle til kommunal veg datert 03.11.2014.

Vatn og avløp (VA):

Den nye eigedomen er sikra lovleg vassforsyning og avlaup i samsvar med pbl. §§ 27-1 og 27-2.

Eigedomen er knytt til offetleg leidningsnett for vatn og avlaup. Det ligg føre løyve til tilkopling av 23.06.15.

Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve:

Det er ikkje avdekka tilhøve som gjev auka risiko for naturskade.

Lovgrunnlag

Saka vert handsama etter plan- og bygningslova § 20-1 m om opprettelse av ny grunneigedom.

VURDERING

Deling av grunneigedom 45/74 vil etter rådmannen sin vurdering vera i tråd med arealbruken i området. Eksisterande eigedom og ny eigedom vil framleis verte nytta til heilårsbustad, slik Kommunedelplan for Manger 2007-2019 viser.

Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen har vurdert prinsippa i § 8 – 12 i naturmangfaldslova. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no og nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland.

Rådmannen finn ikkje at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1 m og naturmangfaldlova §§ 8-12, vert det gjeve løyve til deling av grunneigedom 45/74 med ny grenseline i samsvar med situasjonsplan vedlagt søknad av 13.04.2016

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum
11.1.2 b	Deling i samsvar med arealformål	1	5600
	Totalt gebyr å betala		5600

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato .

Klage gebyr

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf forvaltningslova § 27b

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt arealplanleggjar Rolf Raknes.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland
leiar teknisk forvaltning

Rolf Raknes
arealplanleggjar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur.

Mottakere:

Arkoconsult

Pb 103

5291

VALESTRANDSFOSSEN